

BOKTRAS

Bok og TRAS(tidleg registrering av språkutvikling)

Fokus: Meir bruk av bøker i barnehagen

Frå august/september 2008 startar me opp med boktras i barnehagen dette er eit samarbeidsprosjekt med Bømlo folkebibliotek.



Kva er Boktras?

- Eit tett samarbeid mellom folkebiblioteket og barnehagen
- Målet er å opprette bibliotekfilialar i barnehagen
- Foreldre kan låna med seg bøker heim frå barnehagen

Korleis skal vi gjere dette?

- Biblioteket kjem med bøker, og desse vert bytta ut om lag 3-4 gongar pr.år
- Barnehagen skal ha om lag 100-150 bøker til disposisjon
- Barnehagen sine egne bøker vil og vera til utlån
- Foreldra kan lett låna med seg bøker frå barnehagen ved å notera namn og tittel på boka på ei liste.
- Barnehagen set opp bokhyller i garderobane.

Kva er målet med Boktras?

- Styrke barnehagen sitt arbeid med språkstimulering gjennom leseaktivitetar
- Skape eit meir bevisst forhold til lesing blant dei vaksne; foreldre og tilsette i barnehagen
- Etablere lesevaner hjå barn og foreldre i barnehagen og i heimen

Foreldra

- Alle foreldre blir vist kor bøkene står
- Dei tilsette kan gje tips til foreldra kva bøker dei kan låna med seg heim, kanskje vil ungane låna med seg ei bok dei har lese den dagen.

- Skal bli inspirert og oppmoda til å lesa heima, no er bøkene lett tilgjengeleg.

Kvifor lese høgt for barnet ditt?

- Det er kjekt å bli lest for – skaper eit fellesskap mellom den som les og den som lyttar.
- Ein får lyst til å lesa meir- både barn og vaksne
- Blir klokare
- Ein får meir å snakke om- det kan vera fint å snakke om bøkene etter ein har lest dei
- Språket blir betre
- Ein lærer å lytte, konsentrasjonen blir betre
- Fantasien får utfolda seg, ein lærer å lage bilete i hovudet sitt, førestille seg ting
- Leseglede gir gode lesevaner
- Det blir lettare å skrive – skriftspråket blir synleggjort
- Overgangen mellom skule og barnehage blir lettare.

NB! Les bøker du likar sjølv

Kva skjer i barnehagen?

- Bøkene må vera tilgjengeleg for alle, må ikkje plasserast i høge bokhyller
- Flest mogleg bøker skal vera utstilt- med fronten fram.
Skal ” friste” borna
- Borna skal bli lest for, helst kvar dag, ikkje valgfritt.
- Bøkene kan ein ta med seg overalt, også ut.
- Lesing skal vera ein viktig del av kvardagen
- Borna treng ”trening” i å bli lest for

Kva skjer i barnehagen når biblioteket kjem med bøkene?

- Biblioteket ønskjer at barna skal glede seg til dei kjem med nye bøker, og at me gjerne byggjer opp litt spenning rundt det.
- Bibliotekaren kjem og snakkar om bøker, kvifor det er kjekt å lesa og korleis ein skal behandla bøkene.
- Bibliotekaren les høgt frå nokre bøker

Aldersgrupper

Lesing passer for alle aldersgrupper



Dei yngste, 1-3 år:

- Leser, ser på bilder, undrer oss og forteller. Peker og gjentar. Språkstimulering på høgt nivå
- Har fri tilgang til bøker og bruker dei heile dagen
- Knyter bøker opp til tema

Dei eldste, 3-6 år:

- Leser mykje etter barnas initiativ
- Lesegrupper, der den vaksne vel bok
- Fordjupning i bøker som barna likar
- Har samtaler, tekstskaping, dramatisering og forming knytta opp mot bøker
- Bøkene vert mykje brukt i leiken

Alle fagområda i rammeplanen kan knytast opp mot bruk av bøker

